

# Økonomistatus for Kvam herad per 1. tertial 2013



# 1 Markens grøde

«Innemydlo» har me vårdagar. I går sat måsen ute på bakkane og åt meitemark. Irriterande som begge desse skapningane er, så spelar dei ei viktig rolle i økosystemet. For oss menneske ser det likevel ut som om deira einaste mål i livet er å eta, skita og reprodusera. Begge to har eit svært ulikt perspektiv på verda. Måsen kan flyga høgt, sjå ut over verda og velja sin strategi: «Åleine eller i flokk i dag - fisk eller meitemark til middag?» Meitemarken grep og arbeidar, hentar seg mat på overflata og lagar tunnellar under bakken. Han ligg der, utan augo, og sansar ikkje verda for berre gras: «Blir det meir å ta omsyn til no så grep eg meg ned».

Tidleg i oppveksten min i øvre Steinsdalen var nærområdet mitt stort sett i aksen Liabrekko til skulen. Med lange mellomrom vart dette krydra med ein sjeldan tur på «sal» i Grova, av og til ein helgetur til Askøy og seks gonger i konfirmasjon på austlandet. Eg var vel litt som marken, etter ein lang vinter kunne ein tur ned til Steinsdalsfossen virka som ei eksotisk øving. Ytre og indre delar av kommunen var noko me berre las om i Skåralappen. Kunne like gjerne abonnert på «Finnmarken». Etter kvart som eg kom opp i ungdommen og dei vaksne sine rekker fekk eg høve til å utvida horisonten. Eg skjønte då raskt at verdas akse er ikkje sentrert i øvre Steinsdalen og at Kvam berre er ein liten flekk på kartet.

Det undrar meg at det ikkje finst ein definisjon av å sjå ting i perspektiv i norske wikipedia. Ei tyding av omgrepene finst i den danske versjonen. Danskan definerer perspektiv «i denne betydning som ensbetydende med at se på tingene på en vis afstand, så helheder og sammenhænge kan opfattes». Skuldast denne manglande norske definisjonen at me i Noreg har blitt oss sjølv nok og at me er i ferd med å gløyma å løfta blikket? Har oljerikdommen vår ført til at folk flest i Noreg ikkje lenger har behov for å sjå ting i perspektiv?

Regjeringa utarbeider ei perspektivmelding i kvar stortingsperiode, og i februar vart «Perspektivmeldinga 2013» lagt fram. Perspektivmeldinga tek for seg dei viktigaste politiske utfordringane i Noreg fram mot 2060. Den omhandlar rammer og utfordringar for ein bærekraftig politikk, og kva val me har i møte med dei langsiktige utfordringane knytt til globale miljøproblem, ei aldrande befolkning og auka globalisering.

Som alle politiske dokument er perspektivmeldinga omstridd. Men det er ikkje utfordringsbiletet som skapar debatt, det er det løysingsvala som gjer. Utfordringsbiletet syner at om me vidarefører dagens velferdsstat, så vil Noreg gå med eit årleg underskot på 140 milliardar kroner (2013 kr) i 2060. Det er eldrebølgja, og det faktum at det i 2060 vil vera halvparten så mange arbeidarar per pensjonist som det er i dag, som er hovudårsaka til dette.

Ein treng ikkje dra langt ut i Europa før ein ser at Hellas, Spania, Portugal, Irland eller Latvia allereie i 2013 er Noreg i 2060. Desse landa hadde ikkje oljeinntektene eller petroleumsfondet å støtta seg på og hamna i uføret allereie for nokre år sidan. Dette kan skje i Noreg også. Allereie i 2025 er det venta at Noreg vil gå med årlege underskot og byrja tæra av petroleumsfondet. Underskotet på 140 mrd. er gitt at me held oss til dagens kvalitetsnivå på dei offentlege tenestene, men dersom me fortset å auka tenestenivået i same tempo som me har til no, så vil det årlege underskotet i 2060 vera 615 mrd. kroner, eller 26 % av fastlands-BNP.

I tillegg til eldrebølgja, peikar perspektivmeldinga på to andre faktorar som vil prega utviklinga i norsk økonomi sterkt dei kommande åra: Store endringar i den globale økonomien, og klima og fattigdom.

Det vert her vist til konklusjonane frå FN sitt klimapanel om at klimagassutsleppa i verda må kuttast med minst 50 prosent frå 1990-nivå dersom me skal ha ein sjanse til å nå klimamåla,

samtidig som folketalet i verda vil auka med 50 prosent fram mot 2050. Det skal bu ni milliardar menneske på jorda i 2050 og alle dei vil forventa vesentleg betre levestandard enn i dag, samstundes som utsleppa skal ned.

Noreg har dei seinare år nytt godt av billeg import frå mellom anna Kina og India, samstundes som prisane på våre eksportvarer har halde seg oppe. Me kan ikkje ta det for gitt at denne utviklinga fortset. Når me ser at det er arbeidarar i til dømes Bangladesh som må betala prisen for vår velstand er det kanskje ikkje ynskjeleg at utviklinga fortset heller.

Det er når utfordingane treff oss på heimebane at me mister det store biletet. Avstanden mellom global økonomi og fattigdom og klimautslepp til Kvam er lang. Men me er nøydde til å gjera endringar i Kvam fordi me er ein del av den store verda. Gjennom perspektivmeldinga plasserer regjeringa vår Noreg og dermed også Kvam og kvemmingane i verda. Alle i Noreg kan ikkje halda på som meitemarken, grava på eiga hand, på staten si rekning, og på lån av framtida, utan å løfta oss opp på måsen sitt nivå og sjå kva som skjer rundt oss. Kommunal sektor i Noreg vil difor ikkje få romslegare rammer. På KS sitt årlege arrangement «Kommunedagene» var det innovasjon som var temaet i år. Konferansen vart opna av kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete. Bodskapen hennar om at kommunane må verta meir nytenkjande og løysa oppgåvene ved å jobba smartare, var ikkje til å mistyda: Det er gjennom innovasjon og endring kommunane kan skaffa seg handlefridom i framtida.

Det skjer endringar rundt oss kvar dag, både av det synlege og usynlege slaget. Nye bygg og vegar er kanskje det mest synlege. Ny kunnskap og teknologi er kanskje ikkje så synleg men like fullt påverkar det oss. Kven hadde for eksempel trudd for ti år sidan at fasttelefoni kom til å forsvinna heilt, og at teljarsteg og tekstmeldingar skulle verta eit gratis biprodukt til datakapasitet slik det no er hjå dei fleste mobilleverandørar?

Då eg skreiv innlegget «This town ain't big enough for the both of us» var poenget i den noko kryptiske tittelen at me må forstå at denne kommunen ikkje er stor nok til at me kan fortsetja å sjå på den som små delar av ein heilskap, men i staden ein heilskap med mange små delar. Me er ein, og det som er bra for ein er bra for alle.

I privat og frivillig sektor skjer endringar oftast gjennom ei marknadstilpassing og me aksepterer dei av den grunn. I offentleg sektor har me delvis kunna nytta andre prinsipp. Det kan henda at me må byrja sjå annleis på det framover, men tankar og perspektivet er ofte eit hinder når alt anna er i utvikling. Me menneske har ein tendens til å relatera endringar til eit romantisk bakspeglbilete av verkelegheita. Med skotfoten godt planta i komfortsona er det ikkje lett å ta steget ut i endring, der læring oftast skjer. Men også Kvam herad må tilpassa seg det som skjer rundt oss, og det krev endring. Utfallet av endringa er avhengig av kva perspektiv me vel å sjå den i.

Kvam, den 19. mai 2013

Arild McClellan Steine  
- rådmann -

## 2 Risikomoment per 1. tertial

Det er gjort relativt få og små endringar i tertialen. Dei store inntektene (skatt og rammetilskot), er om lag som budsjettet i revidert nasjonalbudsjett. Når det gjeld utgiftene, står kommunen oppi ein krevjande innsparingsprosess. 1/3 av budsjettåret er tilbakelagt, og to av innsparingstiltaka er endra i tertialen. Gjennomføring av dei resterande tiltaka er likevel eit av risikomenta slik budsjettåret ser ut per 1. tertial.

### Frie inntekter

Skatteinngangen ser ut til å verta noko høgare enn budsjettet. I prognosemodellen for revidert nasjonalbudsjett (RNB) er den 2 mill. kr høgare enn i opprinnelige modell. Men trass auke i skatteinntektene, har Kvam framleis låge skatteinntekter og ligg under landsnivået. Det inneber at me mottek såkalla inntektsutjamning. Nivået vert som regel påverka av endringar i skatteinntektene, og i RNB er inntektsutjamninga i rammetilskotet redusert med 2,7 mill. kr, dvs. ein netto reduksjon på 0,7 mill. kr i frie inntekter. Endringane er teke inn i tertialen.

### Kraftinntekter og eigedomsskatt

Trass låge skatteinntekter, har Kvam eit tenestenivå som er høgare enn nivået på dei frie inntektene tilseier. Dette skuldast at kommunen nyttar eigedomsskatt og ulike kraftrelaterte inntekter til tenesteproduksjon. Kraftinntektene har falle dei siste åra til ca. 4% av driftsinntektene, og fell ytterlegare i økonomiplanperioden.

Dei kraftrelaterte inntektene kjem frå utbytte i Kvam kraftverk og BKK, sal av konsesjonskraft, heimfallsinntekter og konsesjonsavgift. Utbyttet frå BKK vart i år på 7,2 mill. kr, men på grunn av at eigarkommunane tek ut meir utbytte enn driftsresultatet til BKK tilseier, kan berre om lag halvparten nyttast i driftsrekneskapen. Resten kan nyttast til investeringar. Utbytte i drift er redusert med 2,9 mill. kr i tertialen.

Kvam kraftverk AS står framfor store investeringar, og utbyttet frå selskapet er difor trappa ned i økonomiplanperioden. I 2012 ligg det inne 9,5 mill. kr. Generalforsamlinga som fastset utbyttet, er ikkje gjennomført endå.

Når det gjeld inntekter frå konsesjonskraft og heimfall, ligg prognosene litt under budsjettet, Skilnaden er så liten at det ikkje er gjort justeringar i tertialen.

Eigedomsskatten ser ut til å verta 0,3 mill. kr høgare enn budsjettet, fordelt på 1 mill. kr meir for verk og bruk og 0,7 mill. kr lågare for hus og fritidsbustader.

### Lønsoppgjer

Det sentrale lønsoppgjaret er no ferdig, og vart noko lågare enn det som låg til grunn i statsbudsjettet. Prognosene for lønsevokst er difor endra frå 4% til 3,5%, og «lønspotten» er redusert med 1 mill. kr i tertialen. 2013 er eit såkalla «mellomoppgjør», men nokre tilsettgrupper er utanfor dei sentrale oppgjera, og har årlege lønsforhandlingar på hausten om fordeling av «lønspotten».

### Pensjonskostnad

Heradsstyret har gjeve rådmannen fullmakt til å gjennomføra anbodskonkurranse for pensjonsleverandørar for hovudordninga til kommunen. Val av kriteria i konkurransegrunnlaget kjem opp som eiga sak i juni. Hovudordninga ligg på rundt 40 mill. kr i premie per år, og er ein av dei største innkjøpa til kommunen. I tillegg har Kvam herad pensjonsordningar for sjukepleiarane i KLP og lærarar i Statens pensjonskasse.

Storleiken, tidshorisonten og kompleksiteten i utrekningsgrunnlaget gjer at det er vanskeleg å få stabile, korrekte utrekningar. Kostnaden kan variera med millionar i løpet av eit år.

Tiltak som gjev innsparing i årsverk, medfører at grunnlaget for pensjonskostnaden vert redusert. Men andre moment i pensjonsutrekninga kan gjera at tiltaket ikkje får full effekt i pensjonskostnaden i budsjettåret. I tertialen er likevel full effekt på pensjonsgrunnlaget lagt til grunn. Det er ikkje gjort andre endringar i pensjonskostnadsnivået i tertialen.

## Rente og avdrag

Kommunane må betala minimum 3,5% av gjennomsnittleg lånemengde pr. 1.1.13 og 31.12.13. Nivået på lån gjer at avdraget er nedjustert med 1,4 mill. kr i tertialen. Rentenivået på gjelda har vore låg i lengre tid. Kortsiktige renter (3-6 mnd) ligg i underkant av 2%, medan den siste langsiktige bindinga (5 år) vart gjort til under 3%. Det har såleis vore ei svært god tid for kommunen å gjera lånefinansierte investeringar i, og å halda avdragsnivået på eit minimum. Rentenivå ser ut til å halda seg låge i periodane som det vert tilbydd fastrente i, men avdragsutgiftene vil stiga og vil krevja meir av driftsinntektene. Investeringane bør difor i størst mogeleg grad medføra innsparingar i drifta som kan finansiera auka utgifter til rente og avdrag. Dette presiserer òg fylkesmannen i sin kommentar til Kvam herad sitt budsjett.

Avkastninga på plasseringane er auka opp med 0,5 mill. kr. Det er noko høgare enn nivået på avkastninga per 30.4., men det vert plassert noko meir midlar i obligasjonar i ein periode og avkastninga kan aukast noko. Men nivået er òg avhengig av når det er forfall på dei ulike investeringsprosjekta, og behov for likviditet.

## 3 Utfordringar og vurderingar

### 3.1 Innleiing

Etter omorganisering hausten 2012, har einingane vorte større og meir robuste og fleksible til å handtera enkeltsaker med omprioriteringar innanfor eigne rammer. Samstundes er kommuneøkonomien generelt så pressa at det er krevjande å omprioritera og tilpassa drifta til slike saker.

Kvam herad har dei siste åra gjort fleire på innsparing i struktur. Innsparing gjennom strukturendring medfører at det totale tenestetilbodet vert oppretthalde, men på færre lokalitetar. Som regel medfører det ei sentralisering av tenestetilbod. Kommunen sin geografi legg nokre avgrensingar på graden av sentralisering, men fleire gonger har ein stått overfor valet mellom talet på lokalitetar og totalt tenestetilbod.

Kommunen har òg gjort store investeringar dei siste åra, bl.a. for å leggja til rette for meir effektiv drift. I økonomiplanperioden er det investeringar i barnehagebygg ein har størst forventingar til framover. Med meir tilrettelagte og betre bygg, kan kommunen oppnå innsparingar utan at det går utover tenestetilbodet. Men investeringane medfører auke i rente- og avdragsutgifter som kjem som motvekt til innsparingane.

Nokre innsparingstiltak er lagt opp utan at struktur eller annan tilrettelegging er på plass. Då vil innbyggjarane oppleva reell nedgang i tenestetilbod og/eller -kvalitet. Det er mange av innsparingstiltaka som ikkje er gjennomført endå, og det har kome fleire tilbakemeldingar på at det kan vera vanskeleg å halda seg innanfor det budsjetterte nivået på utgifter. Eller at det får andre konsekvensar.

## 3.2 Helse og omsorg

### Utfordring

Kommunehelse, Nav og pleie og omsorg er frå januar 2013 organisatorisk samla i ny eining Helse og omsorg.

I budsjettvedtak for 2013 har eininga eit samla innsparingskrav på 4 mill;

- 1 mill. knytt til avvikling / flytting av Firkloveren sjukeheim ( 2,5 mill frå 2014)
- 3 mill. knytt til andre tiltak

I 1. tertial er det gjort nokre interne justeringar; frå psykisk helse til KRB og legevakt.

Auke:

1. Ny avtale med Jondal kommune om kjøp av plass, 0,9 mill i 2013, 1,3 mill frå 2014
2. + 500`overtid
3. + 850`lærling

Totalt 2,2 mill.

Innsparing i samband med flytting av Firkloveren sjukeheim er planlagt i samarbeid med dei tillitsvalde. Flyttinga medfører samla reduksjon på 3 institusjonssenger og om lag 4,5 årsverk.

1. Tilbodet ved Firkloveren sjukeheim vert lokalisert på Toloheimen gruppe aust frå 2.9.2013.
2. Bebruarane som i dag får tilbod ved gruppe aust på Toloheimen vert flytta til andre grupper med tilbod om demensomsorg eller ordinær langtidsplass.
3. Dei 6 institusjonssengene i 1. etasje på Øysteseheimen vert ordinære langtidssenger og organisert saman med dagens gruppe 2 på Øysteseheimen. Det vert ei ny gruppe 2 med 14 langtidssenger.

Innsparinga får konsekvensar både for brukarar, tilsette og organisasjon.

For brukarane vert tilbodet redusert ved at det vert ventetid på plass i institusjon og redusert tilbod frå heimetenesta. Ferdigbehandla pasientar i kortidsavdelinga vert liggjande i avdeling i påvente av anna kommunalt tilbod og fleire utskrivingsklare pasientar i sjukehus som ventar på kommunalt tilbod.

Dei tilsette får ein meir travel arbeidssituasjon både i institusjon og heimetenesta. Det vert auka krav til den enkelte om rett prioritering av arbeidsoppgåver med til ei kvar tid krav om fagleg forsvarleg tenestetilbod.

For organisasjon vil innsparinga påverka omdømmet. Ved å gjennomføra innsparingstiltaka vil tenestetilbod opplevast meir utsikt. Det vert opplevd som svært uheldig å gjennomføra innsparingskrav parallelt med nasjonale føringer og krav til kommunane om å byggja opp tenestetilbodet slik at me vert i stand til å ta på oss nye oppgåver.

Helse og omsorgssjefen har motteke brev frå allmennlegeutvalet i Kvam ( datert 24.04.2013) der dei uttrykkjer stor uro for konsekvensane innsparinga i eininga medfører både for brukarar, pårørande og tilsette. Dei ber om at politisk og administrativ leiing i Kvam nøye vurderer den menneskelege kostnaden vedtekne innsparingar har for dei svake gruppene. Dei meiner tal sjukeheimspllassar skulle vore utvida med 6 (opna sengepost på Øysteseheimen utan å avvikle Firkloveren sjukeheim), og ikkje skore ned med 3.

Verneombodet ved Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling understrekar i notat datert 16.05.2013 at avdelinga etter innføring av Samhandlingsreforma har fått nye og meir krevjande arbeidsoppgåver. I notatet er ein uroa for dei tilsette i høve deira helse, arbeidsmiljø og opplevelinga av å ikkje strekkja til fagleg grunna auka arbeidspress.

Avdelinga ber om auka ressursar til grunnbemanninga, spesielt er det behov for auka ressurs på kveld og helg (omlag 1,5 årsverk).

Helse og omsorgssjefen ber om auka ressursar til avdelinga (finansiert ved auka tilskot ressurskrevjande brukarar rest 0,9 mill).

I tillegg til innsparing i samband med flytting av Firklooveren sjukeheim og reduksjon av 3 institusjonssenger, har eininga krav om 3 mill. innsparing i 2013.

Leiagrupsa i helse og omsorg har på ny drøfta innsparingskrava frå brukar-, tilsette- og organisasjonsperspektivet. Det er ikkje laga plan for det generelle innsparingskravet på 3 mill. Så langt er innsparinga gjennomført ved at vakante stillingar står ledige. Det er såleis tilfeldig kva tenesteområde som er ramma av innsparinga så langt. Leiagrupsa i helse og omsorg, i samarbeid med dei tillitsvalde, vil vurdera dette. Helse og omsorg har i fleire år vore lojale i høve politiske vedtak om innsparingar. Slik situasjonen er no er det vanskeleg å sjå for seg kvar innsparingskravet på 3 mill. kan gjennomførast.

Det kjem skriftlege og fleire munnlege meldingar frå tilsette om at dei får fysiske og psykiske plager grunna arbeidssituasjonen og opplever at dei i enkeltsituasjonar ikkje greier å gjera oppgåvane sine fagleg forsvarleg. Dette er alvorleg for tilbodet til brukarane, og det trugar organisasjonen vår. Det er òg meldingar om manglande lojalitet til arbeidsgjevar. Dette er signal som me må ta svært alvorleg.

Før ytterlegare innsparing og nedbemannning vert vurdert, bør det gjennomførast nye konsekvensanalysar i dei ulike avdelingane.

I samband med ny organisering har eininga oppretta ei ny avdeling Stab og forvaltning. Avdelinga har mellom anna ansvar for all sakshandsaming, IT og innkjøp i eininga. For å oppnå ynskt effekt av omorganiseringa er det ynskje om samlokalisering av tilsette i Stab og forvaltning på Toloheimen saman med pleie- og omsorgsleiar og leiar KRB (Kvam Rehabiliterings og Behandlingsavdeling).

### Rådmannen si vurdering

Enkeltsaker i Pleie og omsorg kan få slike dimensjonar at det er oppretta eigne statlege ordningar for å handtera dei, tilskot til «ressurskrevjande brukarar». I 2012 fekk kommunen fleire slike brukarar. Brukarane vil òg krevja mykje i 2013. Kommunen betalar ein eigenandel på ca kr 1 mill per brukar før tilskot vert utløyst. I 2012 og så langt i 2013 er denne kostnadsauken løyst innanfor rammene. Inntektene auka med ca 3 mill.kr.

I tertialen er rammene justert noko opp, dvs. at eininga har fått behalda 2 av dei 3 mill. kr av dei ekstra inntektene (til finansiering av overtid og lærlingløn, og kjøp av plass i Jondal) for ressurskrevjande brukarar. I realiteten er dette likevel ein reduksjon sidan alle 3 millionane er øyremerkte til ein utgiftsauke. Det medfører at innsparingane i budsjettet vert endå meir krevjande å gjennomføra.

Rådmannen er uroa over situasjonen innan Helse og omsorg, men tilrår likevel å oppretthalda innsparingskravet til eininga (med unntak for dei justeringane som vert gjort) i denne tertialen trass i åtvaringane. Rådmannen er likevel usikker på om han vil klara å halda budsjetttrammene i år. Innsparingskrava bør konsekvensvurderast ytterlegare og rådmannen vil ikkje sjå bort frå at det i 2. tertial vil koma behov for ytterlegare budsjettjusteringar.

## 3.3 Barnehage

### Utfordring

Prosessen innanfor barnehage for å innfri vedtaket frå 18.12.12

- Endra vedtekten i samsvar med hst-vedtaket

- Inntaksprosess ny barn gjennomført. 38 fleire barn enn i 2012 har fått tilbod om plass frå august 2013 i dei barnehagane som har areal til å ta inn fleire barn. 20 har takka ja til plass. Dette gjev eit snitt på einingar per årsverk på 6,4 (ikkje alle søkerne var «reelle» familiar som var flytta frå Kvam, familiar som kanskje skulle flytta til Kvam o.l.)
- Ressursane for barnehageåret 2013/2014 er delt ut til barnehagen i tråd med vedtaket om å redusera grunnbemanninga.
- Styrarressursen for Fykse og Oma er fjerna og det er gjennomført tilsetjingsprosess/omstillingsprosess for dei som er involvert.

Det er gjort ei konsekvensvurdering av kvar barnehage for å sjå korleis reduksjon i grunnbemanning vil slå ut med tanke på tryggleiken til barna og krav i barnehagelova om at barnehagen skal drivast på ein pedagogisk og forsvarleg måte. Styrargruppa har utarbeidd ein «kommunal standard» som skal seia noko om lik praksis i alle dei kommunale barnehagane i Kvam når me skal ha fleire barn og mindre bemanning. Lågare bemanning fører til dårlegare kvalitet i dei kommunale barnehagane.

- Barnehagedagen vert delt med «tilsyn» frå ca. kl.07.00-08.30, og med «tilsyn» igjen frå kl.15.15-17.00.

For dei minste barnehagane vil det i 2,5 timer av dei 10 timane med opningstid, berre vera ein tilsett. Her er me særleg uroa for tryggleiken. For større barnehagar er alle tilsette på plass i 5 av timane (alle med ulike vakter). I denne tida skal pausar avviklast, og alle ha tid til planlegging og møte. Slik kan 2 personar ha ansvar for opp mot 20 barn.

Tilsyn vil innebera streng struktur på dagen med sterkt vaksenstyring og med lite eller ingen tilrettelagte aktivitetar. Sterkt fokus på tryggleik og pass av barna vil prega desse øktene. Slik vert det tid til store grupper, men lite til det enkelte barnet.

Avdelingar vert slått saman i deler av dagen. Dei fleste barnehagane eignar seg ikkje til basetenking. Barna vert samla på små areal deler av dagen. Særleg for dei yngste barna kan dette verta slitsamt.

- Tryggleik for det enkelte barnet vert ei særleg utfordring med tanke på brann, forsvinning, og andre kriser, men også med vatn og is ute haust og vinter.

Barnehagen skal vera ansvarleg for tryggleiken til det aller kjøraste foreldra har. Personalet må vera trygge til å handla i krisesituasjonar og det må vera nok «hender» på jobb til å handtera f.eks. ein brann. Styrarane peikar på faren med for lang evakueringstid ved brann. Som døme: på ettermiddagen skal 1-2 (/liten/stor bhg) vaksne klara å evakuera f.eks. 24 barn. Med vind, mørke, snø, og små barn som ikkje kan gå, kan evakueringstida verta farleg lang. Me må få alle barna i god avstand vekk frå bygningen.

- Mindre tid til kvart enkelt barn. Kvar situasjon er viktig: tid til å snakka med kvart barn, tid til å lesa boka barnet vel ut, tid å fylgja barnet på toalettet og god tid til bleiebyte. Gode situasjonar skaper gode relasjonar.

Mindre tid til barna vil innebera mindre medverknad, mindre omsorg, danning og læring, og mindre tid til konfliktløysing. Det må vera vaksne i nærliken av barna slik at ikkje uheldige mønster med det å slå og bita får utvikla seg. Mobbing kan oppstå. Andre nesten-ulukker i barnehagekvardagen kan verta vanskelege å oppdaga. Sjølvstendetrenings som bleiefri og påkledning vert det også mindre tid til. Særleg born frå 2,5-3 år og dei eldste borna treng mykje nærliek og oppfylging. Dei er i ein viktig fase i utviklinga med eigenvilje og sjølvstende.

- Vurdera kva som er lettast: å vera inne eller ute?

Færre turar for særleg dei minste. Kortare turar i naturen og lite vekke frå uteleikeplassen. Det betyr mindre fokus på uteliv og grovmotorikk. Vanskeleg å få til smågrupper som barna treng både pedagogisk og for å sleppa all støyen som er når mange barn er samla. Bygga er heller ikkje laga med særleg god lyddemping.

- Nistepakke både morgon og til lunsj. Mat vert berre kjøpt inn til pedagogiske føremål.
- Fagarbeidarane / assistentane må ta alle tidleg- og seinvakter. Pedagogane må vera til stades i den mest travle tida frå 8.30 til 15.15.

Dette inneber at pedagogane ikkje får høve til å møta alle foreldra, og dei får lite tid til å møta foreldra i garderoben. Dette vil gå ut over viktig informasjon og foreldresamarbeid.

Det vert færre foreldresamtaler, og aktivitetar som barnehagen gjer ilag med barn og foreldre på ettermiddagstid som til dømes, foreldrekaffi, haustfest, sommarfest, foreldrefrukost osv. opphøyrer.

- «*Tidleg innsats*». Me får ikkje høve til å gjera dette arbeidet skikkeleg, og pedagogane får ikkje tid til å vera ressurspersonar.

Ikkje rom for å sjå ”dei stille barna” eller hjelpa dei høglytte barna på ein positiv måte. Barn med spesielle behov får ikkje den oppfølging og kartlegging dei har behov for. Det vert brannsløkking framfor førebygging. Tverrfagleg samarbeid, som møte med helsestasjon, overgang barnehage/skule og samarbeid med ppt, vert nedprioritert.

- *Ikkje plantid for fagarbeidrarar og assistentar, mindre tid til samarbeid og lågare kvalitet på det pedagogiske tilbodet.*

Alle møta vert på kveldstid. Avdelingsmøte vert ein gong i månaden (mot to no) og personalmøte annakvar månad (mot kvar månad no). Dette vil også føra til lågare kvalitet på det pedagogiske tilbodet. Tilsette som ikkje har arbeidsdag, får ikkje delta på kurs og møte. Dette for å unngå fri og avspasering.

Krav om innsparing i barnehage gjer det ikkje mogeleg å jobba i tråd med den vedtekne barnehageplanen for Kvam herad 2012-2016: ”*Ein god barnehage er god når foreldre, barn og tilsette opplever at tilbodet er godt*”. Vedtaket frå desember 2012 gjev også retning om at det skal satsast på tidleg innsats i barnehage og skule. Slik ressurssituasjonen er innan barnehage etter innsparingskravet, er det ikkje mogleg å jobba systematisk med tidleg innsats og det er vanskeleg å sjå at det som vert den kommunale standarden no, er ei endring til borna sitt beste.

Av dei konsekvensane som er lista opp ovanfor er det fylgjande punkt styrarane er mest bekymra for:

- Den totale tryggleiken til barna.
- Barnehagane bryt kravet i barnehagelova om å driva ei pedagogisk verksemd og krava i rammeplanen vert brotne.
- Sjukemeldingane kan auka.

Styrarane ynskjer å behalda dagens «bemanningsnorm» som òg er i samsvar med det som ligg som forslag i Stortingsmelding 24. For å oppnå det treng tenesta å få tilført 3,6 årsverk, tilsvarende ca 2 mill. kr for heile barnehageåret 2013/14. Dette utgjer om lag kr 1 mill. for hausten 2013.

### Rådmannen si vurdering

Barnehage har vore eit statleg og kommunalt satsingsområde i 30-40 år. Tenesta har opplevd ein jamm vekst. Fram til 2011 levde tenesta på øyremerka midlar i overføringane til kommunane. Tenesta var såleis «skjerma i kampen med dei andre tenestene» om kommunale midlar. Frå 2011 vart overføringane innlemma i rammetilskotet og tildelingskriteria endra. Kvam «tapte» nær 10 mill. på denne omlegginga. Kvam herad må no tilpassa seg den nye økonomien.

Endring er vanskeleg, endring tek tid. Endringane har skapa stor uro blant dei tilsette. Uvisse kring framtidig struktur og organisering har vore eit ytterlegare uromoment.

Rådmannen viser til diskusjonen i notatet om framtidig organisering av barnehagesektoren og ser at innsparinger innan eksisterande struktur er vanskeleg. Umogeleg kan det ikkje vera, men konsekvensane som styrarane skisserer kan ikkje foreinast med dei ynskte politiske satsingane på tidleg innsats og oppvekst. Rådmannen tilrår difor at barnehagetenesta får tilført om lag halve summen av det dei etterspør i tertialen. Eventuell resterande må løysast innan eininga. Rammeauken vert gjeven som ei mellombels løysing for barnehageåret 2013/14. Det er forventa at ny barnehagestruktur vil løysa utfordringane med grunnbemanning innanfor lågare budsjettrammer.

## 3.4 Grunnskule

### Utfordring

Heradstyret fatta 18.12.12 vedtak om eit ønskje om satsing på tidleg innsats for å få ned talet på spesialundervisning. Tilsette i ppt skal jobba meir systemretta i barnehagar og skule for ei tettare og raskare oppfylging.

Fagleg sett er det ei positiv og ønskt utvikling at fleire elevar får hjelpe dei treng innan tidleg innsats og tilpassa opplæring, men skulen har store problem med å gjennomføra dette med dei rammene som er tildelte.

Elevtal for 2012/13 er 1017 elevar og for neste skuleår 2013/14 er talet på elevar 1005 elevar, ein nedgang på 12 elevar.

Ut i frå ressursmodellen som vert brukt for tildeling av årsverk til skulane, fører budsjettvedtaket til ein nedgang på 3,24 årsverk (dette er rekna i lærarårsverk, men inkluderer assistent, lærar, merkantil og leiing ved skulane) frå 2012/13 til 2013/14. Endring i tildelinga til skulane varierer frå -3,11 til +0,71 årsverk.

Bakgrunnen for at skulen opplever at ramma er for liten heng saman med at det kjem til elevar med behov for spesialundervisning i løpet av året. Dette medfører at det vert knappe ressursar til å prioritera tidleg innsats, tilpassa opplæring og auka vaksentettleik for dei aller yngste elevane.

Elevar som får sakkunnig vurdering frå PPT og vedtak om spesialundervisning, har eit breitt spekter av vanskar som autisme, aspergers, psykisk utviklingshemming, ADHD og meir sjeldne syndrom m.m. Desse vil alltid ha behov for spesiell tilrettelegging og spesialundervisning, og mange i denne gruppa må ha full oppdekking alle timane. I tillegg kjem elevar med vanskar som lese- og skrivevanskar, dysleksi, språkvanskar, konsentrasjon og merksemd og emosjonelle

vanskar. Rektorggruppa meiner at dei ved tidleg innsats og tilpassa opplæring kan nå elevane i denne gruppa innan ordinær opplæring og utan vedtak om spesialundervisning. Men det krev personalressurs ut over ordinær grunnbemanning (ein lærar per time per klasse). Det må også nemnast at skulen brukar ein del ressursar på nødvendig helsehjelp som ikkje har noko direkte med skulearbeidet å gjera. Ei rask oppteljing mellom rektorane viser at det går med om lag 1,85 assistentårsverk til dette.

Skulane gjer allereie i dag mykje for å samordna tilbodet til dei som får spesialundervisning slik at timane skal rekka lengst mogleg. Det samla talet for tilrådd spesialundervisning er 788,3 timer. Av dette blir det tildelt 557,2 timer. I prosent blir det tildelt 71 % av tilrådde timer.

Det er riktig å samordna timane til spesialundervisning. Tala her viser at skulen i stor grad gjer det. Organiseringa av spesialundervisninga er fleksibel.

Skal ein nå målet «færre spesialundervisningslevar», må det brukast ressursar på tidleg innsats men ressursane til dette er reduserte komande skuleår samanlikna med inneverande år. Effekten av ei eventuell slik satsing ligg likevel nokre år fram i tid. Det er vanskeleg å nå dette målet med dagens ressursar.

Denne tabellen viser endring i talet på sakkunnige tilrådingar frå skuleåret 2012/13 til 2013/14 for kvar skule:

Ålvik sk	Øystese sk	Kvam usk	Norheimsund sk	Tørvikbygd sk	Strandebarne sk	Sum
0	-5	0	+6	+3	0	+4

#### Oppsummert:

- Det er mange med sakkunnig tilråding som har krav om hjelp og dette medfører ein reduksjon i ressursane til tidleg innsats
- Spesialundervisninga er i stor grad samordna
- nokre skular reduserer ressursen til administrasjon for å kunna bruka det til undervisning og dette er kvalitetsreduserande over tid

Rektorane meiner at skulen treng å få tilført 1,81 årsverk. tilsvarende 1 mill. kroner (eksl.pensjon) for heile skuleåret 2013/14 (for hausten 2013 utgjer det kr. 460.000) for å kunna jobba i tråd med budsjettvedtaket om å satsa på tidleg innsats for å få ned spesialundervisning.

#### Rådmannen si vurdering

Omlegginga til å satsa på tidleg innsats tek tid. Ein kan ikkje berre starta ei satsing på tidleg innsats og neglisjera dei elevane som finst i skulen og som har spesielle behov, men ikkje fått tidleg innsats tidlegare. Isolert sett ser rådmannen at oppvekstsektoren burde vore skjerma for nedskjeringar i fleire år til omlegging var heilt i mål. Kvam herad er likevel ikkje i ein situasjon der om lag ein tredjedel av tenestene kan få ei slik særbehandling. Då hadde konsekvensane for resten av tenestetilbodet vorte for dramatisk. Einaste som kunne bøta på det hadde i så fall vore ei auke i eigedomsskatten øyremerka til føremålet. Slik situasjonen er føreslår rådmannen å løyva halvparten (0,9 årsverk) av det rektorane ber om nettopp med tanke på at det tek tid å få effekt av tidleg innsats. Eventuelt resterande må løysast innanfor ramma til Oppvekst.

## 3.5 Bibliotek

### Utfording

Det vert vist til dei to notata som er utsendt i tidlegare møtebolkar dette året.

### Rådmannen si vurdering

Kvam herad er i endring. Generelle kutt og innsparingar etter ostehøvelprinsippet er ikkje nok lenger. Innsparingane får synlege og merkbare konsekvensar for brukarar og tilsette i form av strukturelle eller kvalitetsmessige endringar. Rådmannen tilrar at dei folkevalde som hovudregel då prioriterer å bevara kvalitet framfor struktur så langt det lar seg gjera. Dette er av omsyn til at mobiliteten til befolkninga no er langt høgare enn den var berre for nokre år sidan. Slik er rådmannen sitt framlegg òg når det gjeld bibliotek. Å halda fram med folkebiblioteket i Øystese ut frå innsparingskrav og at bemanninga på bibliotek no er så låg (3,16 årsverk) at den bør fordelast på færrest mogelege bibliotek. Dersom ressursane skal fordelast på fleire lokalitetar sentralt i kommunen, vert den totale opningstida lågare og meir krevjande å administrera for dei tilsette. Rådmannen meiner at to opne bibliotek sentralt i kommunen, men med totalt færre opningstimar er ein reell nedbygging av den totale kvaliteten på tilbodet i kommunen. Det vil av omsyn til kvalitet vera betre å sitja att med eit hovudbibliotek og to filialar i kommunen enn fire filialar.

Biblioteket har, som uformell møteplass og lokalt servicetorg, ein funksjon utover å vera ein stad å låna bøker. Lokalt engasjement og dugnadsånd er eit godt og prisverdig initiativ. Ei prøveordning med 2x4 timer opningstid i Øystese kombinert med dugnadsarbeid hausten 2013, kan vera eit alternativ som kan fremjast politisk, og som administrasjonen kan løysa innanfor gjeldande rammer fram til februar 2014. Tiltaket vil uansett berre kunna vera mellombels og fører såleis også til ei mellombels nedbygging av hovudbiblioteket. Rådmannen meiner dette er uehdig både med omsyn til ustabilitet for hovudbiblioteket og med omsyn til dei tilsette som allereie har levd i omstilling og vakuum i eit halvt år.

## 4 Endringar i prosjekt i tertialrapporten

Det er lagt inn 4 nye prosjekt i tertialen, alle investeringsprosjekt:

Lokale til det nyoppretta Stabs- og forvaltningskontoret i eining for Helse og omsorg, for å få samla dei tilsette på Toloheimen (0,3 mill.kr inkl. mva.). Bru ved Steinsdalsfossen (2), mur/rassikring (0,9) og ferdigstilling av Strandebarm skule (1,5). I tillegg er det foreslått rammeutvidingar for 3 tidlegare investeringsprosjekt: Ferdigstilling Norheimsund barneskule (4,4), sanering VA-anlegg i Norheimsund (1,8) og vassverk på Kvamskogen (5). Prosjekta er nærmere omtala i eige kapittel.

## 5 Søknadar om støtte

Kvam herad har motteke 1 søknad om støtte utanom dei ordinære tilskotsordningane og støttesøknadar som er teke opp særskilt.

Kvam bustadstifting har søkt om eit tilskot på kr 111.986, som svarer til summen kommunen mottok i tilskot frå Husbanken til prosjekt i regi av stiftinga i 2011 og 2012. Kvam herad har bidrege med ressursar i form av administrasjon og tekniske tenester til stiftinga. Ny bustadplan er under utarbeiding, der kommunen si rolle vil verta utgreidd, bl.a. i høve stiftinga. Rådmannen avventar plan og rolleavklaringar, og har ikkje gjeve tilskot i tertialen.

## 6 Budsjettvedtak i heradsstyret i perioden januar – april 2013

Tabellen under viser vedtak med økonomiske konsekvensar som er gjort av Kvam heradsstyre og formannskapet i perioden januar – april 2013.

Møte dato	Saksnr.	Sakstittel	Vedtak i kr	Finansiering
05.02.2013	FSK-007/13	Sak mot staten ved Sentralskattekontoret	400.000	Finansiert med tidlegare overskot. Innarbeidd i 1. tertial.
18.02.2013	013/13	Etablering av døgnopphald for øyeblikkleg hjelp		Tilskotssøknad er sendt, men svar førebels ikkje motteke.
09.04.2013	028/13	Opprettig Norheimsund Industriservice AS	750.000	Næringsfond. Innarbeidd i 1. tertial.
13.05.2013		Kjøp kaianlegg	2.400.000	Næringsfond. Innarbeidd i 1. tertial.

## 7 Statuskommentar til budsjettvedtak, sak 139/12

Nummer	Tekst	Status
1. Hovudstrategi for Kvam herad	a: Kvam herad skal i tillegg til lovpålagte oppgåver og servicetenester til innbyggjarane arbeida for vekst i folketalet, auka sysselsetjing og verdiskaping. For å auka interessa for Kvam herad som etableringsstad med bustadbygging og næringsverksemd, er arealdisponering og eit godt vegnett internt og ut av heradet viktig. Kvam herad er i dag eit fleirkulturelt samfunn, som skal ha stort fokus på likestilling og integrering.	Administrasjonen arbeider kontinuerleg med hovudstrategien til Kvam herad. Ein viktig reiskap i arbeidet, er planprogrammet som skal gjennomførast som del av ny kommuneplan. Arbeidet med bl.a. ny næringsplan, bustadplan og integreringsplan, er starta opp.
	b: Kvam herad skal ha ein sunn økonomi og oppnå eit årleg netto driftsresultat på 3% i økonomiplanperioden. Rådmannen skal arbeida for å minimera utgifter og maksimera inntekter for lovpålagde	I økonomiplanperioden 2013-2016 er det lagt opp til ca 3% netto driftsresultat og ei nedtrapping av eigedomsskatten i hht. budsjettvedtaket. Det forutset at ei

	tenester og andre tenester som vert prioritert av Kvam heradsstyre. Servicenivået for ikkje-lovpålagde tenester skal vurderast som innsparingstiltak. Eigedomsskatt på bustad og fritidsbustader skal reduserast til 2 promille i 2015 og fjernast så snart økonomien tillet det.	rekke spesifiserte innsparingstiltak vert gjennomført (sjå nedanfor) i planperioden, i ytterlegare innsparingstiltak seinare i perioden. Desse tiltaka er ikkje spesifiserte endå.
	c: Planarbeidet i 2013 skal utførast ut frå vedteken planstrategi og -program.	Planprogrammet kjem opp som eige sak i 2013.
2. Anbod pensjonsleverandør	Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra anbodsrunde for pensjonsleverandørar i 2013 i samsvar med regelverk for offentlege anskaffingar.	Anbodsgrunnlaget kjem opp som eige sak i junimøtet.
3. Finansreglement	Rådmannen får fullmakt til å utarbeida nytt finansreglement i løpet av 2013.	Arbeidet er førebels ikkje starta opp.
4. Konkurranseutsetjing	Rådmannen skal i løpet av 2013 utarbeida grunnlag for vurdering av konkurranseutsetjing for følgjande område: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Barnehage</li> <li>- Reinhald</li> </ul>	Vurdering av konkurranseutsetjing for barnehage kjem opp som eige sak i junimøtet.  Nivået på reinhald er under utgreiing og vurdering, som første del i vurderinga av ev Konkurranseutsetjing.
5. Skatt på eige og inntekt	Skatt på eige og inntekt vil verta utlikna med maksimalsatsane.	Lagt til grunn i skatterekneskapet.
6. Skattemargin	Avsetnad til skattemargin vert auka frå 9% til 10%.	Lagt til grunn i skatterekneskapet.
7. Eigedomsskatt 2013	<ul style="list-style-type: none"> <li>a. Med heimel for utskriving i medhald av Eigedomsskattelova § 2 og 3, skal eigedomsskatten i 2013 gjelda heile heradet.</li> <li>b. Eigedomsskattesatsen i 2013 vert 7,0 promille i samsvar med eigedomsskattelova § 11, fyrste ledd.</li> <li>c. Differensiering: I medhald av eigedomsskattelova § 12 bokstav a, vert skattesatsen (skattøyre) for bustader og fritidshus sett til 3,5 promille.</li> </ul>	Punkt a-g lagt til grunn for utfakturering av 1. termin for eigedomsskatt

	<p>d. Botnfrådrag: Det vert ikkje gjeve botnfrådrag på bustaddelen i eigedomar/fritidseigedomar.</p> <p>e. Fritak for eigedomar etter eigedomsskattelova § 7 vert gjeve for eigedomar som fell inn under § 7 a (Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten) og § 7 b (bygning som har historisk verde).</p> <p>f. Nyoppført bygning som vert nytta til husvære vert etter søknad friteken for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova i § 7 i 5 år frå den tida bygningen vart ferdig eller heradsstyret endrar eller opphevar fritaket.</p> <p>g. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Kvam herad vedteke i heradstyre 18.12.2013 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2013, jf. Eigedomsskattelova §10.</p>	
8. Låneopptak	<p>Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av prosjekt etter kvart som dei vert vedtekte, samt å avtala nærmare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar.</p> <p>Lånebehovet for 2013 er på 168 mill. kr med fråtrekk av ubrukte lånemidlar per 1.1.2013.</p> <p>Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 20,0 mill. kr i lån til vidare utlån (Startlån).</p>	<p>Ubrukte lånemidlar pr. 1.1.2013 utgjorde 20,6 mill.kr, dvs. at behovet for nye lån var ca 147 mill.kr. Så langt er det teke opp 110 mill.kr i nye lån.</p> <p>Nye prosjekt og utviding av tidlegare vedtekte prosjektrammer i tertialen, aukar lånebehovet med 20 mill.kr.</p> <p>Det er søkt om 20 mill.kr i Husbanklån, men desse er så langt ikkje utbetalt på grunn av at kommunen har hatt ubrukte lånemidlar frå tidlegare år.</p>
9. Refinansiering	<p>Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikne lånekontraktar.</p> <p>Refinansiering av eksisterande lån skal ikkje medføra endring i den reelle</p>	180 mill.kr er refinansiert i løpet av 1. tertial, sjå vedlagt finansrapport.

	avdragsplanen.	
10. Låne-avdrag	Det skal betalast 27,6 mill. kr i avdrag i 2013.	Det er betalt 12,3 mill.kr i avdrag i 1. tertial. Avdragssummen er justert ned til 26,25 mill.kr i tertialrapporten, som utgjer ca 3,7% av lånemassen.  I tillegg er det betalt 0,5 mill.kr på startlån av budsjettert 2 mill.kr.
11. Trekkrett	I følgje vedteken plasseringsstrategi for Kvam herad vert det vedteke å oppretthalda trekkrett i kontosystemet til Kvam herad. Trekkretten for 2013 skal vera på inntil 40 mill.kr.	Trekkretten er så vidt nytta i ein kort periode i 2013.
12. Delegeringsreglement	Budsjettet for 2013 er definert gjennom obligatoriske hovudoversikter for drift og investering. Rådmannen får fullmakt til å fordela ramma i samsvar med underliggende dokumentet og tabellar. Prosjekt vert vedtekne i særskilde tabellar.	Eventuelle endringar vert kommentert i eige kapittel i tertialen.
13. Justering av prosjekt i tid	Rådmannen får fullmakt til å justera budsjetta for prosjekt i høve til endringar i tid	Det er ikkje føreteke justeringar i tid så langt.
14. Avgiftsbudsjett og gebyr	Avgiftsbudsjett og kommunale gebyr vert vedteke i samsvar med føresetnader i eiga sak.	Avgiftsbudsjettet vart endra i eige sak (HST-010/13) for å tilpassa renovasjonsgebyra til BIR sitt forslag og nokre andre mindre justeringar.
15. Økonomisk sosialhjelp	Økonomisk stønad etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga er ei skjønsmessig yting, jf. § 18. Kvam herad nyttar satsar som er i samsvar med statlege rettleiande retningslinjer for utmåling av økonomisk stønad til livsopphald.  Kvam herad set som vilkår for tildeling av økonomisk stønad, at mottakaren i stønadsperioden skal utføra passande arbeidsoppgåver i kommunen, jf. § 20.	Det er sett ned ei styringsgruppe (Helse- og omsorgssjef og NAV-leiar) og ei prosjektgruppe som skal arbeide fram forslag til løysingar. Fyrste skriftlege forslag skal leverast styringsgruppa i løpet av juni 2013.
16. Driftsbudsjett i 2013-	Driftsbudsjettet vert vedteke i samsvar med tabellen nedanfor og underliggende tabellar (tal i 1.000 kr), <b>justert for</b>	Eventuelle endringar vert kommentert i eige kapittel i tertialen.

2016	<b>innsparingstiltak.</b>	
17. Rammeområde	Budsjettet fordelt på rammeområde, jf. Økonomireglementet for Kvam herad (til i 1.000 kr), <b>justert for innsparingstiltak</b>	Eventuelle endringar vert kommentert i eige kapittel i tertialen.
18. Investeringsbudsjettet for 2013-2016	Investeringsbudsjettet vert vedteke i samsvar med tabellen nedanfor og underliggende tabellar.	Eventuelle endringar vert kommentert i eige kapittel i tertialen.
19.	Kvam heradsstyre viser til vedtak i budsjett for 2012 vedkomande serviceerklæringer og soneinndeling. Rådmannen må innarbeida dette i den varsle helse-og omsorgplanen.	Soneinndelinga i Pleie og omsorg er fjerna i ny organisasjonsstruktur. Helse- og omsorgsplan er under utarbeiding. Planprogram eiga sak i juni
20.	Kvam heradsstyre ber rådmannen leggja fram ei sak om Kvam familie- og læringssenter. Saka skal òg omhandla totalkostnad ved å ta gamle Norheimsund ungdomsskule i bruk til dette formålet.	Saka er under utarbeiding.
21.	Kvam heradsstyre vedtek at stillingsstoppen skal fortsetja. Økonomiutvalet skal ha ei grundig løypemelding på kvart møte.	Rådmannen orienterer økonomiutvalet på kvart FSK-møte.
22.	Kvam heradsstyre ynskjer tidleg innsats i skulen for å få ned talet på spesialundervisning. Tilsette i PPT skal jobba meir systemretta i skular og barnehagar for tettare og raskare oppfølging.	Skulen har store problem med å gjennomføra dette med dei rammene som er tildelte. Bakgrunn for at skulen opplever at ramma er for liten heng saman med at skulen får mange elevar med behov for spesialundervisning. Dette medføre at det ikkje ressursar til å prioritera tidleg innsats, tilpassa opplæring og auka vaksentettleik for dei aller yngste elevane. Det har vorte ein netto auke på 4 sakkunnige rådgjevingar. Rammene er difor auka med om lag 1 årsverk for skuleåret 2013/14. Sjå elles kapittel 3.
23.	Tilby 50% eller 100% plassar i barnehage. Gje foreldra høve til å endra plassen sin kun i august ved hovudopptak og i januar (dersom det er 2 opptak i løpet av året).	Nye vedtekter vart vedtekne i HST-sak 008/13
24.	Kvam heradsstyre set av kr 2 mill. til vidareutvikling av Sjuvete skisenter i samsvar med planar som føreligg.	Det er lagt inn 1 mill.kr i 2013 og i 2014 i øk.planen.

	Utbetalinga skal fordelast i økonomiplanperioden 2013-2014. Finansiering: mastekompensasjonsfondet.	
25.	Kraftinntekter utover budsjett skal setjast av i eit kraftfond.	Førebels ligg kraftinntektene noko under budsjett.
26.	Kvam heradsstyre ber rådmannen leggja fram ei sak om eventuell samanslåing av Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.	Saka er førebels ikkje påbyrja.
27.	Kvam heradsstyre ber rådmannen, i samarbeid med Kyrkjeleg fellesråd, prosjektera nytt bårehus ved Øystese kyrkje i 2013, med mål om realisering i denne økonomiplanperioden.	Det har vore fleire møte med Kyrkjeleg Fellesråd, og arbeidet med prosjektering er igangsett. Det er oppretta ei eiga nemnd som arbeider vidare med skissene. Førebelse skisser gjev eit estimat på 6 mill.kr.
28.	Tabellane i punkt 17, 18 og 19 ER justerast for følgjande innsparingstiltak	Innsparingstiltaka vert kommentert i tabellen nedafor.

Område	Tiltak	Innsparing	Innsparing 2013	Status
Oppvekst	Sal av tenester / deler av årsverk	500 000	500 000	Om lag 30% innarbeidd så langt
Oppvekst	Gjennomgang av saker der fleire tenester er inne for å sikre unødig overlapping av tenestetilbodet, og klargjering av ansvarsforhold.	100 000	0	KFL-arbeidsgruppe har starta opp arbeidet
Skule	Ekstern skule og bh vurdering	150 000	75 000	Innarbeidd i ressurstildelinga for skuleåret 2013/14
Skule	Skule - grunnbemanning, naturleg endring som følgje av endra barnetal	1 000 000	500 000	Innarbeidd i ressurstildelinga for skuleåret 2013/14
PPT	PPT - ei stilling over til skule, redusere skuleramma. Til arbeid med lese/skrivevanskar	600 000	300 000	Innarbeidd i ressurstildelinga for skuleåret 2013/14
